



Arkivnr: 2017/241-31

Saksbehandlar: Tale Halsør

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		15.03.2017

Miljøprogram 2017

Samandrag

Miljøprogrammet 2017 er midlar sett av til tilskotsordningar på miljøområdet og miljøprisen for Hordaland for 2016. Tilgjengelege midlar er 815 000 kr. Denne saka orienterer om fordelinga av midlane.

I saka vert også arbeidsgruppa for miljøprisen oppnemnt.

Forslag til vedtak

- Utval for miljø og samferdsel utnemner følgjande representantar til arbeidsutval for miljøpris:
 - 1.....
 - 2.....
 - 3.....
- Utval for miljø og samferdsel vedtek følgjande deling av post 716.1 Miljø for 2017:

Miljøpris	70 000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	300 000
Tilskot til lokale miljø- og klimaprojekt	445 000
SUM	815 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.02.2017

FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro i 1992 vedtok Lokal Agenda 21. Dermed vart lokale styresmakter, lokalsamfunn og frivillige organisasjonar verda over utfordra til å bli blant hovudaktørane i arbeidet for ei berekraftig utvikling. Sidan den tid har Hordaland fylkeskommune årleg utforma miljøprogram for å fremje lokalt engasjement for eit miljøvenleg og berekraftig samfunn.

Fram til 2016 hadde utval for kultur, idrett og regional utvikling ansvar for dette programmet.

1. Miljøprogram 2017

I budsjett for 2017 står følgjande om miljøprogrammet:

Posten inneheld den årlege Miljøprisen, søknadsbaserte tilskot til miljøorganisasjonar og midlar til lokale klima- og miljøtiltak. Dei lokale klima- og miljøtiltaka skal fremje lokale initiativ til handling for ei berekraftig utvikling. Midlane går til frivillige lag, organisasjonar, kommunar, grendalag og velforeiningar.

Det var sett av 565 000 kr. til posten. I protokoll frå møte i fylkestinget 13.-14. desember 2016 vert det teke inn «Øyremerkt tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag, kr 250 000» i vedtak i PS 91/2016, *Årsbudsjett 2017/økonomiplan 2017-2020*.

Den totale summen til fordeling er dimed 815 000 kr., der 250 000 kr. er øyremerkt dei demokratiske medlemsorganisasjonane. Praksis dei siste åra har vore at tilskot til miljøorganisasjonar med fylkeslag har vore tildelt meir enn den øyremerkete potten.

Forslag til fordeling av post 716.1 Miljø i 2017

Miljøpris	70 000
Støtte til frivillige miljøorganisasjonar med fylkeslag	300 000
Tilskot til miljø- og klimaprojekt	445 000
SUM	815 000

1.1. Miljøpris 2016

Ei arbeidsgruppe på tre politikarar går gjennom lista over aktuelle kandidatar og gjev ei tilråding til utval for miljø- og samferdsel som gjer vedtak om miljøprisvinnar. Prisutdelinga vert lagt til fylkestingsmøtet i juni, med utvalsleiar som den som står for overrekkinga. Prisen er ein sjekk på kr 50.000 kr. I tillegg til prisen er det kostnadar til annonsering, blomar, diplom m.m. Då utvalet har teke over ansvaret for denne posten er det behov for å utnemne tre nye politikarar til arbeidsgruppa for inneverande valperiode.

Budsjett 2017: kr 70.000

1.2. Støtte til demokratiske miljøorganisasjonar med fylkeslag

Etter politisk vedtak er 250 000 kr. sett av til å støtte frivillige, demokratiske miljøorganisasjonar med fylkeslag. Dette går til driftsstøtte til organisasjonane. Fleirtalet av organisasjonane søkjer også om støtte til konkrete prosjekt eller tiltak gjennom ordninga med tilskot til lokale miljø- og klimatiltak.

Budsjett 2017: kr. 300.000

1.3. Tilskot til lokale miljø- og klimatiltak

Dei lokale prosjekta rettar seg mot lag og foreiningar, kommunar, bedrifter eller andre som i fellesskap ønskjer å medverke lokalt til ei miljøvenleg utvikling som fremjer berekraft. Det er vesentleg at ein samarbeider og utvikler felles forståing og vilje til å finne lokale løysingar på staden det gjeld og å avklare prosjekta med kommunen sjølv om det varierer i kva grad kommunen er direkte involvert i desse prosjekta. Opp gjennom åra har prosjekta variert frå å leggje til rette stigar i naturen og vassdragsrestaurering, til biobrenselbasert nærvarmeanlegg, miljøfyrtårnsertifisering, nabohjelp, sykkelveg rundt Vangsvatnet og Landåsprosjektet for berekraftig liv.

Budsjett 2017: kr. 445.000